



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Vår dato:

15.04.2024

Vår ref:

2022/9520

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Alf Erik Røyrvik, 5764 3138

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane - Høyringsfråsegn til søknad om regulering av Selsvatnet i Sunnfjord

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane viser til saksnummer 202205918 om regulering av Selsvatnet og vil kome med følgjande høyringsfråsegn.

Det er søkt om å regulere Selsvatnet med 1 m. Selsvatnet ligg innanfor leveområdet til reinen i Sunnfjord villreinområde, i det som vi kallar det ytre delområdet. Her er det ein flokk på mellom 30 og 40 dyr som held til. I det meste av året oppheld reinen seg aust for Selsvatnet, men her er og beiteområde som ligg lenger vest. Særleg gjeld dette vårbeite for bukkane og sommarbeiteområde. De kan sjå meir om områdebruken til reinen i Sunnfjord her: [Sunnfjord villreinområde \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

Regulering av vasstanden vil truleg ikkje ha nemneverdig innverknad på reinen i barmarksesongen. Derimot vil regulering av islagte vatn kunne utgjere ein risiko om vinteren og på våren. Isen kan sprekke opp og bli utrygg langs land, og det kan vere fare for at rein som elles trygt har kunne trekke over det islagte vatnet, no kan gå gjennom og drukne.

I ein so liten stamme som Sunnfjord ytre delbestand, vil tap av sjølv eit lite antal dyr på grunn av slike ulukker, vere sær s alvorleg. Vi vil her og minne om at Sunnfjord villreinområde er klassifisert med dårleg status i kvalitetsnorm for villrein, og soleis er eit villreinområde som treng positive tiltak og hjelp. Og ikkje meir utbygging og fleire farer.

Villreinnemnda er dessutan skeptiske til alle inngrep i villreinområda. Villreinen har sær s lite urøyd areal att i Noreg, og bør få behalde det som er att.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane vil primært rå til at Selsvatnet ikkje blir regulert. Sekundært at det vert gjort tiltak eller sett vilkår som reduserer risikoen for at rein skal gå gjennom isen til eit absolutt minimum.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Arne Hauge
Tlf. 97655147
E-post: arnej-ha@online.no

Sakshandsamar:
Alf Erik Røyrvik
Tlf. 57643138
fmsfalr@statsforvalteren.no



NB: Det er viktig at NVE sender eige brev adressert til Villreinnemnda for Sogn og Fjordane. Sjølv om nemnda har felles postmottak med Statsforvaltaren i Vestland og sekretær for Villreinnemnda er tilsett der, so må brev adresserast til Villreinnemnda for å kome fram.

Med helsing

Arne J. Hauge
leiar

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent